

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 04.05.2017

Roald Kvamme (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Tore Eikeland legat. Kari Sørensen Bernardini (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho har utført frivillig arbeid for Tore Eikeland legat, medan Tom Sverre Tomren (MDG) stilte spørsmål og han var inhabil fordi han tidlegare arbeidde for Det norske Misjonsselskap og har eit sterkt engasjement for arbeidet dei gjer.

Kvamme, Bernardini og Tomren gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Roald Kvamme var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd.

Fylkesutvalet vedtok mot 2 røyster (Frp) at Kari Sørensen Bernardini var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Fylkesutvalet vedtok mot 2 røyster (Frp) at Tom Sverre Tomren var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Kvamme, Bernardini og Tomren gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 12 representantar til stades.

Benthe Bondhus (Sp) leidde møtet.

Beate Husa (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen koma med framlegg til kriterium for denne ordninga, som skal leggjast til grunn for vidare tildeling.

Primært bør målgruppa for ordninga vere barn og unge.»

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Søknad nr. 15 Lions Safe Center/ Libanon skole og barnehage for syriske flyktninger får tildelt 5 stk. PC.

(Det betyr en reduksjon fra 15 til 10 stk. for Tore Eikeland legat.)»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 6 røyster (med møteleiaren si røyst) mot 6 røyster (Frp, H, V) for Hjemdal sitt forslag.

Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar at følgjande organisasjonar vert tildelt PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune i 2017:

- Bergen Afro Arts Festival – 5 stk.
- Maisha mema – 5 stk.
- Tore Eikeland legat – 15 stk.
- Svalene – 5 stk.
- Children at Risk Foundation – 5 stk.

2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen koma med framlegg til kriterium for denne ordninga, som skal leggjast til grunn for vidare tildeling.

Primært bør målgruppa for ordninga vere barn og unge.